

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Torsdag 26. april 2018

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Anders Rem, Trond Håvoll, Jan Ole Fuglem, Einar Hoel, Liv Marit Indreeide, Silje Sandøy Grønning, Magne Eivind Glomnes

Forfall: Torkjell Døving, Richard Moen, Andreas Håvoll, Maria Dvergsdal,

Sak 14/18 **Informasjon frå gruppene og styret**

Trimgruppa:

Friidrett:

Fotballgruppa:

Skigruppa: Sesongen over. Avslutning på Kulå fredag, 65 påmeldt, god sesong, godt skiføre, mykje aktivitet,

Styret: Marknad, ca 200 innom, bygdafesten, sesongskifte, skigruppa rydde litt på huset etter seg, ressursgruppa i sving med rydding rundt klubbhuset, sykkeltrim og konfirmasjon straks,

Kva gjer vi om ulykke/uhell/noko skjer (eks trafikkulykke med spelarar, ulykke på stadion og liknande.) Bør ha nokre retningslinjer. Styret jobbar fram desse.

Handtering av personopplysningar, nye retningslinjer,

Disksport:

Sak 15/18 **Funksjonar i styret**

Einar Hoel – leiar

Trond Håvoll – kasserar

Liv Marit Indreeide – skrivar

Silje Sandøy Grønning – husansvarleg

Sak 16/18 Retningslinjer for betalingsordning-betalingsfritak

Medlemsavgiften er ikke fritak på, men kan være snakk om fritak/reduisert treningsavgift, deltakingsavgift på cupar, utstyr og liknande. Utarbeidde retningslinjer blir vedtekne.

Sak 17/18 Fiber på klubbhuset

Vil heilt klart heve verdien på huset. Samtidig nødvendig i 2018. Har innhenta tilbud på fiber og nett inn på klubbhuset frå Tafjord og Telenor. Konklusjon: Må ha nett, men må få bedre vilkår enn det vi har fått til no. Jobbe meir med dette.

Sak 18/18 Idrettsrådet

Val av representantar i idrettsrådet vart utegløymt på årsmøtet. Einar Hoel og Liv Marit Indreeide stiller, i tillegg til Anders Rem.

Forslag til kandidat til arbeidsgruppe for «kulturbygging» Fjord kommune: Odd Lennart Vikene. Einar spør.

Sak 19/18 Fjellbakken AS – styremedlemmar

Trond Håvoll stiller. Marius Høihjelle har sagt nei. Einar Hoel stiller ilag med Trond.

Sak 20/18 Klubbhuset

Nedvask – primært kjøkken, toalett, samt vindusvask. Resten ikke nødvendig no sidan kort tid sidan oppussing. Men, huset bør i utgangspunktet vaskast ned kvart år (vår), i tillegg til kjøkkenet etter skisesongen og fotballsesongen.

Murane må målast. Kan vere ei oppgåve for ressursgruppa?

Søyleospene på stellast

Premiesamlinga må få plass på veggene igjen. Flyttar skåpene slik at det blir plass til dei to skåpene som ikke har kome opp igjen. Ei oppgåve for ressursgruppa.

Rydding lager/trakkemaskingarasje m/loft, felles dugnadskveld for rydding, i tillegg eigen vaskedugnad før konfirmasjon 20.mai,

Sak 21/18 Sommararrangement

Arbeidsgrupper til Mefjellet Opp og Olsok bør på plass.

Programkomité i sving, Anders er med i den gruppa. Frode Myren er spurt og tek ansvar for logistikk (stolar, bord, og liknande.) Monika Lingaas har sagt seg villig til å vere med på planlegging mat, men blir vekke under olsok. Vil gjerne ha med seg dei som var med i fjor. Magne Eivind stiller på i sportskomiteen i samband med Mefjellet Opp, søndag før olsok. Kåre Erstad stiller på i økonomigruppa.

NM motbakkeløp 2019. Viktig å begynne å jobbe med no. Sponsorinntekter!

Evt.

Nøklar på avveie eit problem. Innfører gebyr dersom nøklar kjem vekk. Skriv under på ei kontrakt ved utdeling av nøklar. Anders bestiller 5 nøklar.

Aktivitetsdag for funksjonshemma laurdag 5. mai. VIL fått spm om å stille med 3 personar til å hjelpe til kl 11. Jan Ole høyrer med Torkjell i fotballgruppa om å finne nokon som kan stille.

Møtet slutt kl. 22:30

Liv Marit Indreeide

-referent